



Jan Petter Klungen
Seimsstranda 516
5912 Seim

Referanser:
Dykkar:
Vår: 20/14077 - 22/98249

Saksbehandlar:
Roger Fanavoll Fjellsbø
roger.fanavoll.fjellsbo@alver.kommune.
no

Dato:
30.12.2022

Varsel om stans av serviceavtale - gbnr 177/4 Neset

Tiltak: Manglande serviceavtale
Byggjestad: Gbnr: 177/4
Tiltakshavar: Jan Petter Klungen

Alver kommune har 16.12.2022 mottatt melding frå føretaket Biovac Environmental Technology AS om at serviceavtalen for installert minireinseanlegg på gbnr 177/4 er stoppa med verknad frå 16.12.2022. Biovac fekk opplyst at anlegget skulle gravast opp og flyttast og at du ikkje ansåg det som naudsynt med serviceavtale i denne perioden.

Minireinseanlegg skal driftast og vedlikehaldast i samsvar med skriftleg drifts- og vedlikehaldsavtale, jf. forureiningsforskrifta § 12-13. Utslepp frå prefabrikkerte minireinseanlegg er berre gyldig når det ligg føre **godkjend serviceavtale**.

Vi ber Dykk snarast om å kontakte leverandør for å iverksetja avtalen igjen. Dersom vi ikkje mottar melding om at avtalen er satt i drift igjen innan **01.02.2023**, vil kommunen krevja pålegg om retting i forhold til utsleppsløvet, jf forureiningslova § 7 andre ledd første punktum:

«Når det er fare for forurensing i strid med loven, eller vedtak i medhold av loven skal den ansvarlige for forurensingen sørge for tiltak for å hindre at den inntre.»

Pålegg som ikkje vert etterkome vil bli følgd opp med tvangsmulkt, jf. forureiningslova kap. 9.

Vi gjer merksam på at flytting av minireinseanlegg kan vere søknadspiktige etter plan- og bygningslova og etter forureiningsforskrifta kapittel 12. Du må derfor sende oss ei utgreiing om kva arbeid som er utført, slik at vi kan få klarlagt dei faktiske forholda.

Kommunen har ikkje teke stilling til om tilhøvet er eit brot på plan- og bygningslova. Vi ber i fyste omgang om utgreiing av tilfella.

Kva må utgreiinga innehalde?

Du må greia ut om dei arbeid som er utført. Vi ber også om at du legg ved bilete som støttar utgreiinga samt eit oppdatert situasjonskart som viser kvar anlegget er lokalisert og eventuelt nytt utsleppspunkt. Frist for tilbakemelding vert sett til **01.02.2023**.

Du kan sende oss utgreiinga til e-postadresse post@alver.kommune.no eller per post:

Alver Kommune
Postboks 4
5906 Frekhaug

Med vennleg helsing
Alver kommune, Miljø og tilsyn

Eirik Berntsen
Avdelingsleiar

Roger Fanavoll Fjellsbø
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Jan Petter Klungen
Siw Svanevik

Seimsstranda 516
Seimsstranda 516

5912 Seim
5912 Seim